

VEDTEKTER FOR UNDERGRUPPER I STORD-FITJAR TURLAG

§1 Formål

Undergruppene er ein del av Stord-Fitjar Turlag og dei samordnar sitt virke med hovudlaget. Alle undergruppene skal bidra til eit aktivt og sikkert, enkelt og naturvennleg friluftsliv på interesse- og særrområde for sine grupper, likevel koordinert og tilpassa den totale aktiviteten i tilknytning til Stord-Fitjar Turlag sitt virke.

§2 Årsmelding

Undergruppene er organisatorisk knytt opp til hovudlaget Stord-Fitjar Turlag og rapporterer til styret.

Det skal ikkje haldast eige årsmøte for undergruppene, men undergruppene skal utarbeide eiga årsmelding med oversikt over status og aktivitet frå føregåande år. Årsmeldinga skal gjerast tilgjengeleg for hovudstyret seinast 10. januar kvart år.

Eige budsjett og gruppesaker utover det som er knytt til avtalt aktivitet i undergruppene vert sendt til Stord-Fitjar Turlag sitt styre for handsaming. Eventuelle årsmøtesaker må sendast for handsaming på hovudlaget sitt ordinære årsmøte.

§3 Gruppestyre

Undergruppene vert leia av eit eige oppnemnt gruppestyre.

Medlemskontingenten er som for alle medlemmene i Stord-Fitjar Turlag.

Gruppestyret vert kalla inn av leiar eller av 2 gruppestyremedlemmer i fellesskap. Det skal skrivast referat frå gruppemøtene, som gjerast tilgjengeleg for Stord-Fitjar Turlag sitt hovudstyre.

Gruppestyret vert oppnemnd av styret i Stord-Fitjar Turlag, og nytt gruppestyre skal oppnemnast seinast utgangen av mars kvart år.

Gruppestyret skal bestå av minimum 3 medlemmer, ein leiar, ein aktivitetsleiar og ein sekretær. Gruppestyret konstituerer seg sjølv etter oppnemning av hovudstyret i Stord-Fitjar Turlag. Undergruppene kan tilpasse tal ordinære gruppestyremedlemmer utover dette.

Gruppestyremedlemmene vert oppnemnd for 2 år (gjennom å nyoppnemne halvparten kvart år).

Undergruppene er ansvarleg overfor hovudstyret og organiserer seg sjølve. Leiar møter i laget sitt hovudstyre der representanten har talerett.

§4 Organisasjon og vedtekter

Organisering, vedtekter og aktivitet i undergruppene er knytt opp til organisering og til vedtektene gjeldande for Stord-Fitjar Turlag